

# Små oppdrag+

## Døme på oppgåver du kan få hjelp til:

### Inne i huset:

Småvask, rydding, strykning, pynting, ordna med blomar, montera, hengje opp, vaske vindauge, ordna hår, lage til selskap, baka og datahjelp.

### Utanfor huset:

Slå plen, spyla, vaske vindauge, stella i grusgangar og bed, ordne med boss, vatna blomar, lufta kjæledyr, måka snø og skifta dekk.



## Har du spørsmål eller ønskjer du å tilby tenester i Småoppdrag+?

### Kontakt Aksjonssenter

Telefon: 55 09 70 00

### Leiar for Småoppdrag+

Sigurd Hope

Mobil: 901 61 524 | E-post: [sigurd.hope@gmail.com](mailto:sigurd.hope@gmail.com)



Følg Småoppdrag+ på Facebook

Copyright 2021 - Småoppdrag+

Org.nr.: 922 859817

Grafisk utforming: Øygarden kommune

Foto/illustrasjoner: Colourbox og Pixabay

Småoppdrag+

# Små oppdrag+

## Treng du hjelp til små praktiske oppgåver i hus og hage?



Foreininga Småoppdrag+  
legg til rette for at du kan få hjelp  
på ein trygg måte til  
overkommeleg pris.

Småoppdrag+

## Bakgrunn

I samband med ei kartlegging blant seniorar i tidlegare Fjell kommune, kom det fram behov for å kunne kjøpa seg trygge små kvardagstenester. Engasjerte pensjonistar og tilsette i kommunen har difor utvikla eit tilbod som vi vonar kan gjera det lettare å bu heime lengre.



## Kva er Småoppdrag+?

Småoppdrag+ er ein form for dugnad til ein rimeleg pris!

Ei ideell foreining legg til rette for at innbyggjarar, til dømes eldre eller andre med funksjonssvikt, skal kunne kjøpa småoppdrag knytt til heimen på ein trygg måte. Småoppdrag+ ynskjer å rekruttere pålitelege pensjonistar og ungdom (18-25 år) frå heile kommunen som vil tilby småoppdrag. Tilbydarar må delta på kurs der ein gjennomgår skattereglar, skjema «avtale om småoppdrag i heimen» og ansvarsforhold. Når politiattest er levert, får ein eit identetskort som skal visast fram for kjøpar.

Både den som tilbyr og den som kjøper småoppdrag knytt til heimen, er sjølve ansvarlege for å setja seg inn i regelverk. Avtale som vert inngått mellom partane, er privatrettsleg og verken Småoppdrag+ eller kommunen er part i avtalen.

Meir informasjon finn ein på skatteetaten sine sider:  
[skatteetaten.no/smajobber-og-tjenester/](http://skatteetaten.no/smajobber-og-tjenester/)

Der står det blant anna at ein kan kjøpa småjobbar knytt til heimen **skatlefritt for intil kr 60 000,- per år**, men likevel ikkje for meir enn kr 6 000,- per år frå ein og same tilbydar.



## Kven kan kjøpa småoppdrag?

Primært eldre eller andre med funksjonssvikt som treng hjelp til praktiske småoppgåver heime.

## Kva oppgåver kan du få hjelp til?

Du spør om hjelp til det som er viktig for deg!

Oppgåvene må likevel ikkje vera av slik art at dei krev autorisert personell for å kunna utførast!



## Framgangsmåte

1. Søk «Småoppdrag+» på Facebook. Der finn du namn, kontaktinformasjon og kva oppgåver dei ulike tilbyr. Er du ikkje på nett, ring telefon 55 09 70 00. (Sekretær/Øygarden lokalmedisinske senter).
2. Ta direkte kontakt på e-post eller telefon med den som tilbyr det du ønskjer og avtal tid.
3. Ved første oppdrag må skjema «avtale om småoppdrag i heimen» underskrivast av begge partar. Tilbydar har denne avtalen med seg og den må signerast av partane også etter utført oppdrag.
4. Du betaler og signerer etter utført oppdrag. Du bind deg ikkje til vidare oppdrag, utan at det er inngått ny avtale.
5. Minstepris er 1 t arbeid. Tilbydar kan ikkje ta betaling for tid eller kostnader knytt til reisa.

Timepris ungdom	kr 200
Timepris pensjonist	kr 250